
MØTEPROTOKOLL

Utval: Styret for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 13.05.2020
Tidsramme: kl 10:00-16:00
Sted: Møterom Storhornet, adm.bygget, Ålesund sjukehus (tilhører på Skype)
Saksnr.: 29/20 - 42/20
Arkivsak: 2020/74

Møteleiar:

Ingve Theodorsen

Møtande medlemmer:

Lodve Solholm
Toril Forbord
Gerd Marit Langøy
Bjarne Storset
Anette Lekve
Sigurd Torvik Heian
Hilde Furnes Johannessen

Frå brukarutvalet møte:

Paula Næss Skår
Ann Helene Skare

Forfall:

Ingen

Frå administrasjonen møte:

Administrerande direktør Øyvind Bakke
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møtet med å ønske velkommen til fysisk møte der presse og leiargruppa ikkje er tilstade i møterommet men deltek på skype. Styret heidrar dei tilsette for førebuingane som er gjort i pandemisituasjonen og det er fint å sjå at dei som har fått behandling for covid-19 er blitt friske. No blir det viktig framover å bringe helseføretaket tilbake til normalsituasjon så snart det lar seg gjere.

Sak 29/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Adm.dir. ønsker at sak 39/20 behandlast før sak 36/20 i styremøtet. Dette aksepterast av styret.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 30/20 Orientering frå administrerande direktør

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Status korona og aktivitetsauke
- Prosjektleiar OU SNR frå 1. mai
- Prosjektleiar operasjonsflyt frå 1. mai
- Prosjekt operasjonsflyt
- Strømforsyning
- Store investeringsprosjekt for bygg i helseføretaket
- Videokonsultasjonar
- PET-skanner
- Covid-19 v/Torstein Hole

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringane til vitende.

Sak 31/20 Orienteringssak - SNR

Styret fekk presentert status på prosjekt SNR av Johan Arnt Vatnan, leiar av prosjektstyret. Presentasjonen vert lagt ut på styreadministrasjon.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om SNR til vitende.

Sak 32/20 Orienteringssak – Forbettringshistorie med fokus på kvalitet og pasientsikkerheit

Styret fekk presentert to forbettringshistorier. Prioritering av helsehjelp ved seksjonsoverlege i geriatri Yngve Müller Seljeseth og prehospitalt samarbeid mellom HMR og kommunar – felles legebil ved klinikksjef for prehospital tenester Lars Erik Sjømæling og fastlege i Volda kommune og leiar for interkommunal legevakt Jørn Kippersund.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringane til vitende.

Sak 33/20 Orienteringssak - Helseplattformen

Styret fekk ein presentasjon av assisterande fagdirektør Henrik Erdal om status for Helseplattformen både regionalt og lokalt. Presentasjonen vert publisert på styreadministrasjon.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

Sak 34/20 Orienteringssaker

- Handlingsplanen til brukarutvalet 2020-2021

Leiar av brukarutvalet, Paula Næss Skår, gjekk gjennom hovudpunkta og dei viktigaste prioriteringane som vert gjort i arbeidet i brukarutvalet.

Dei to siste orienteringssakene blei kommentert av styreleiar.

- Revisjonsberetning til orientering til styret
- Presentasjon/gjennomgang av styrets styringsdokument

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringane til vitende.

Sak 35/20 Referatsaker (utan saksframlegg)

Styret har motteke følgjande referatsaker:

- Protokoll HMN RHF 02.04.2020
- Protokoll HMN RHF 22.04.2020
- Protokoll frå AMU-møte 11.05.2020 (ettersendast)
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 11.05.2020 (ettersendast)
- Protokoll føretaksmøte HMR 30.03.2020
- Protokoll føretaksmøte HMR 20.04.2020
- Årsrapport 2019 frå Brukarutvalet

Sak 36/20 Statusrapport mars 2020 – kvalitet, økonomi, aktivitet, gyldne regel**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapporten for mars 2020 til vitende.

Sak 37/20 Større investeringstiltak ved sjukehusa i Volda og Ålesund

Styret fekk ein presentasjon av adm.dir. Øyvind Bakke om blant anna nokre av dei vurderingane som er gjort rundt dei ønska investeringane som har vore diskutert i dei ulike fagmiljøa, og der ein må ha ein grundig gjennomgang av kva som er behovet og kva som kan komme innfor rammene ein har til rådighet.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tar administrerande direktør si orientering om større investeringstiltak ved sjukehusa i Volda og Ålesund til vitende.

Styret gir administrerande direktør fullmakt til førebu følgjande prioriterte investeringstiltak fram mot endeleg investeringsgodkjenning;

- Ny straumforsyning Ålesund sjukehus
- Renovering og ombygging Habiliteringsbygget Ålesund
- Meir funksjonelt areal til poliklinikkar og dagbehandling Volda

Sak 38/20 **Revisjon - Bygningsmessig utviklingsplan**

Frå styret kom det forslag på eit ekstra punkt til vedtak:

Styret ber om oppfølging på bygningsmessig utviklingsplan med ei tertialvis rapportering.

Vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF godkjenner versjon 2.0 av «*Bygningsmessig utviklingsplan for HMR unntatt SNR*», og føreset at planen blir lagt til grunn i det vidare arbeidet med utvikling av bygg og eigedom ved sjukehusa i Ålesund og Volda.
2. Styret ber om at det blir gjennomført prosjektinnramming for følgjande tiltak ved Ålesund sjukehus:
 - a) Akuttinntak, inklusiv korttidspost
 - b) Intensivavdeling
 - c) Operasjonsavdeling
3. Styret gir administrerande direktør fullmakt til å gjennomføre konseptfaseutgreiing i samsvar med prosjektinnramminga, jf. pkt. 2. Konseptfaseutgreiinga skal gjennomførast i samsvar med «*Veileder for tidligfasen i sykehusbyggprosjekter*».
4. Styret tar administrerande direktør si orientering om finansiering av planlagde hovudtiltak ved Ålesund sjukehus til vitende.
5. Styret ber om oppfølging på bygningsmessig utviklingsplan med ei tertialvis rapportering.

Sak 39/20 **Langtidsbudsjettet (LTB) – prinsipp og føresetnader (del 1)**

Styret fekk ein presentasjon av prinsipp og føresetnader for langtidsbudsjettet 2021-2031 av økonomidirektør Heidi Nilsen.

I høve usikkerheit om dei økonomiske ringverknadane av SNR, Helseplattformen og covid-19, vil det sannsynleg ikkje bli gjort vedtak om LTB i Helse Midt-Norge før etter sommaren. Dette vil og ha påverknad på om Helse Møre og Romsdal kan gjere vedtak på LTB i juni. Styret ønskjer derfor å endre forslag til vedtakspunkt 3 i forslaget til vedtak i saksframlegget.

Forslag til endra tekst:

Styret ber om at forslag til langtidsbudsjett for 2021-2031 blir lagt for styret i juni 2020. Styret ber om at risiko knytt til resultat og investeringsnivå blir synleggjort.

Styret er samrøystes i dette.

Følgjande vedtak blei vedteken:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til retninga i valte prinsipp og føresetnader i langtidsbudsjettet for 2021- 2031 slik som skissert i saka. Ein føresetnad for prioriteringane er økonomisk berekraft i perioden.
2. Styret legg til grunn at det planleggast med positive resultat i perioden og at sal av eigedom blir synleggjort som medfinansiering i investeringsprosjekt.
3. Styret ber om at forslag til langtidsbudsjett for 2021-2031 blir lagt fram for styret i juni 2020. Styret ber om at risiko knytt til resultat og investeringsnivå blir synleggjort.

Sak 40/20 Forbetringsprogrammet – lettversjon

Styret fekk ein presentasjon av fagdirektør Torstein Hole på status på dei ulike prioriterte satsingsområda i forbetringsprogrammet.

Vedtak:

1. Styret sluttar seg til val av delprosjekt under Forbetringsprogrammet i HMR.
2. Styret ber om å verte orientert om status i prosjekta som del av rapportering av kvalitet og pasientsikkerheit.

Sak 41/20 Årsrapport Global Trigger Tool (GTT)

Styret fekk ein presentasjon av rådgivar i fagavdelinga Caroline Austdal om pasientskadar målt med GTT i Helse Møre og Romsdal, blant anna kort om framgangsmåten for dette arbeidet og kva type funn ein har gjort.

Vedtak:

1. Styret tek data frå GTT rapporten til orientering, og ber om at det jobbast vidare med førebyggjande tiltak for dei hyppigaste pasientskadane som er skissert i rapporten.
2. Styret ber om å haldast orientert om utviklinga av pasientskadetal og spesielt forbetringsinitiativer som bidrar til nedgang i skadetala.

Sak 42/20 Godkjenning av protokoll 4/2020 – styremøte 13.05.2020**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 13.05.2020.

Ingve Theodorsen
styreleiar

Lodve Solholm
nestleiar

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen